

Tenesterapportering pr oktober 2016 med oppdatert prognose.

alle tal i heile 1000 kr

Tenesteområde		Budsjett 2016	Rekneskap pr 31.10.2016	Rest budsj. 2016	Påløpt % av bud.	Progn. 2016	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:
10	POLITIKK / RÅDM. KONTOR	17 649	13 780	3 869	78,1	17 649	-	Ein del driftspostar er for knapt budsjetterte. Dette gjeld mindre driftspostar som t.d post/frankering, kurs- og opphaldsutgifter, aviser og faglitteratur, innbetaling til IKAH m.m. Inntektssida slår positivt ut, med m.a. høgare sjukepengerefusjon (utan vikarutgifter) og refusjon frå NAV til BHT-tiltak. Ansvar 101 har overforbruk på møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste, kommunalt vertskap, gaver m.m. Møtegodtgjersle vert betalt ut 2 gongar per år og forbruk etter 1. halvår låg på 75%. Totalt forbruk på 78% for rådmannskontoret under eitt er litt under normalt etter 10 mnd. drift.
11	ØKONOMI-KONTOR	8 400	7 886	513	93,9	9 150	-750	Drift av kemnerkontoret var i framlegget statsbudsjett for 2016 foreslått overført til staten gjeldande frå 1. juni 2016. Det var derfor berre budsjettert med 5 mnd tilskot til drift av det interkommunale kemnerkontoret. I budsjettavtalen mellom H,FrP, V og Krf frå desember vart denne omlegginga reversert, og utgifter til kemnerkontoret påløper derfor heile året. Dette medfører auke i utgifter med kr 750.000,-. Motposten er auke i rammetilskot på tenesteområdet 12 Økonomi/Finans på kr 1,0 mill. Elles har øk.kontoret meir overtid enn budsjettert grunna arbeid med årsoppgjer og budsjettarbeid, men innsparing på andre postar gjer at ein totalt for året forventar å kome ut med eit netto meirforbruk på kr 750.000,-. Ny medarbeider tilsett frå 15. august, budsjettert heile året. Innsparing vert brukt til ekstra prosjektmedarbeider hausten 2016 for å arbeid med implementering av nye IKT-verktøy innan løns- og personalområdet. Dette som del av samarbeidsprosjekt med Radøy og Lindås kommunar.

Tenesteområde		Budsjett 2016	Rekneskap pr 31.10.2016	Rest budsj. 2016	Påløpt % av bud.	Progn. 2016	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:
12	ØKONOMI / FINANS	-422 740	326 364	-749 104	-77,2	-424 440	1 700	Folkeveksten i 2015 vart på 1,0%. I budsjettet for 2016 vart det rekna med ein vekst på 1,7% i løpet av 2015. Folketal per 1.1.2016 er difor lågare enn budsjettert, og inntektene frå skatt og skatteutjamninga vert med det lågare enn budsjettert. Auka skattenivå nasjonalt så langt i år fører til auke i skatteutjamningsinntektene for Meland kommune. Som nemnd over vert det ei auke i rammetilskotet som følge av budsjetsalderinga i Stortinget med kr 1,0 mill. Netto reknar ein med at med at inntektene frå skatt og rammetilskot vert kr 0,5 mill høgare enn budsjettert i 2016. I tillegg kjem er det venta høgare renteinntekter enn budsjettert grunna god likviditet og god avtale om plassering av overskotslikviditet. Utbytte frå BKK er kr 423' høgare enn budsjettert. Netto meirinntekt frå desse postane er så langt venta å bli kr 1,2 mill.
13	INTERKOMM. IKT OG BRANNVERN	13 950	12 664	1 286	90,8	13 950		Høgt forbruk skuldast at brannvern er fullt ut betalt, ligg elles i rute.
14	RÅDGJEVAR- TENESTE	9 338	4 940	4 398	52,9	9 338		Lågt forbruk hittil i år, vil jamna seg ut utover i året grunna refusjonskrav.
15	Private barnehagar	78 952	64 702	14 250	82,0	78 952		Ligg i skrivande stund litt over forventa forbruk. Satsen for refusjon av timer i Hordaland er auka til kr 291 for assistent og kr 1008 for spesialpedagog. Dette vil påverka dei samla refusjonane noko. Det er etterslep på refusjonar inn og ut, så det er ikkje mogleg å konkludera budsjettstatus per i dag.
19	PPT	2 163	1 590	573	73,5	2 163		Ingen forventa avvik per 31.10.2016.
20	Kommunal Barnehage- drift	5 970	5 378	592	90,1	5 970		Ligg med høgt forbruk hittil i år, mellom anna grunna ikkje-inntektsførte flyktningmidlar og refusjonar per 31.10.2016.
21	GRASDAL SKULE/SFO	12 445	9 808	2 637	78,8	12 445		Tenesteområdet totalt sett ligg i rute. På SFO er det nedgang i inntektene frå foreldrebetalingar, slik at totalt forbruk på SFO ligg høgare enn budsjettert.
23	MELAND UNG.SKULE	16 639	12 775	3 863	76,8	16 639		Tenesteområdet ligg med mindreforbruk grunna betydelege refusjonar for gjesteelevar/institusjonsplasserte elevar. Mindreforbruk og på vaksenopplæring grunna sjukefråver der det ikkje har vore høve å setja inn vikar. Det vil koma ein del større innkjøp før nyttår som gjer at området totalt sett vil koma ut tett opp mot ramma.

Tenesteområde		Budsjett 2016	Rekneskap pr 31.10.2016	Rest budsj. 2016	Påløpt % av bud.	Progn. 2016	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:
24	ROSSLAND SKULE /SFO	24 349	20 558	3 791	84,4	24 349		Rossland skule er forventa å vera innafor budsjett. Ligg litt høgt per 31.10.2016, grunna ikkje inntektsførte refusjonar samt refusjonar det ikkje er sendt krav på endå. SFO kjem til å gå over ramma grunna færre born enn budsjettert samstundes som fleire har skifta til kortare plass. Dette resulterar i lågare inntekter frå foreldrebetalingar. SFO-drifta er difor nedjustert med 0,41 årsverk.
25	SAGSTAD SKULE/SFO	28 703	23 114	5 590	80,5	28 703		Tenesteområdet totalt sett ligg i rute. Sagstad skule ligg litt høgare enn budsjettert grunna manglende refusjonar. SFO ligg mykje lågare enn budsjettert. Dette skuldast auka refusjonar samt rimelegare drift av SFO då det ma. er ei 24%-stilling som står ubesatt ut året.
26	VESTBYGD SKULE/SFO	16 759	14 378	2 381	85,8	16 759		Ligg høgare enn budsjettert då tenesteområdet har vore underbudsjettert grunna heilårseffekt på nye stillingar i fjar. På SFO er det nedgang i inntektene frå foreldrebetalingar, slik at totalt forbruk på SFO ligg høgare enn budsjettert.
30	HELSE	26 388	19 270	7 118	73,0	26 388		Ligg med lågt forbruk hittil i år. Reelt sett høgare forbruk då delar av utbetalte tilskot i år, skal framførast til neste år. Ventar ikkje avvik frå budsjett mot årsslutt.
35	SOSIALE TENESTER INKL. FLYKTN.	11 950	6 647	5 303	55,6	11 950		Tenesteområdet totalt ligg med mindreforbruk hittil i år. Sosiale tenester ligg i underkant av budsjett (71% forbruk per 31.10.2016) medan flyktningtenesta ligg langt lågare enn budsjettert grunna lågare kostnader enn budsjettert samt refusjonar som er høgare enn budsjettert. I tillegg er det ein del flyktningmidlar som ikkje er utbetalte endå. For tidleg å konkludera status for 2016.
36	BARNEVERN	10 190	10 213	-23	100,2	11 690	-1 500	Ligg pt. med eit mindreforbruk, då det er motteke statleg tilskot for 2 stillingar. Dette vil endra seg ila. året då Bufetat, grunna maskinell glipp frå deira side, har gløymt å fakturera Meland kommune for to tiltakslassar i heile 2015. På grunn av dette vil det påløpa ein ekstrakostnad på omlag kr 750' som skulle vore i 2015-rekneskapen, noko som vil medføra eit berekna avvik frå budsjettet på omlag kr 500'. I tillegg er det og koma inn to nye plasseringar som ikkje er kostnadsrekna i budsjettet. Barnevernenesta har no 19 born under omsorg - eit relativt høgt tal i høve innbyggjartalet i Meland kommune. Totalt avvik frå budsjett er venta å vera kr 1 500'.
37	MELAND SJUKEHEIM	39 970	32 555	7 415	81,4	39 970		Ligg pt. i rute budsjettmessig. Utfordringar med utskifting av personale og samt vanskar med å få vikarar til å dekka opp ved sjukefråver, noko som fører til at ein må nytta eksterne vikarbyrå. Høgare medikamentkostnader enn budsjettert.
38	MELAND HEIME-TENESTER	59 806	51 803	8 002	86,6	59 806		Ligg pt. med meirforbruk. Dette skuldast auka bruk av overtid, samt inntekter på ressurskrevjande brukararsom ikkje er medtekne, då desse vert inntektsført i samband med årsavslutninga av rekneskapen.
50	KULTUR-KONTOR	8 196	5 438	2 759	66,3	8 346	-150	Ligg pt. med mindreforbruk. Dette skuldast tilskot som er inntektsført, men ikkje betalt ut. Desse vert betalt ut seinare på året.

Tenesteområde		Budsjett 2016	Rekneskap pr 31.10.2016	Rest budsj. 2016	Påløpt % av bud.	Progn. 2016	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:
60	PLAN, UTBYGGING OG KOMMUNAL- TEKNIKK	29 924	13 183	16 741	44,1	29 924		Lønsutgiftene innan drift og vedlikehald er høgare enn budsjettet, men totalt på ansvarsområdet er utgiftne i rute. Det skuldast vakansar på det administrative området 1. halvår 2016. Gebyr- og salsinntekter ligg noko over budsjett, med størst utslag på byggesak . På den andre sida er det der ekstrautgifter til konsulenthjelp. Husleigeinntektene er i rute. Kommunale avgifter ligg litt under budsjettet. Driftsutgiftene på veg er høgare enn budsjettet for perioden, det har med vinterberedskap å gjøre og kan endre seg ved årsslutt. Driftsutgiftene elles er i hovudsak i tråd med periodebudsjett. Vedlikehaldsutgiftene er generelt høgare enn budsjett men førebels er det mindreforbruk på andre område. Konsulenthjelp på plan som følgje av vakanse er ikkje budsjettet.
	Resultat/ avsetn. til disp.fond (minus er overskot)	-1 000	657 047	-658 047		-300	-700	Dei fleste tenesteområda unnateke frå økonomikontoret, finansområdet og barnevern ligg i rute iht. budsjettet per 31. oktober 2016. Forventa netto mindreinntekt på skatt og skatteutjamning grunna lågare folketal per 01.01.2016 enn budsjettet gjev førebels forventa avvik totalt på kr 1,05 mill. Avsetn. til disp.fond i 2016 er budsjettet med kr 1,0 mill, og prognose for 2016 vert såleis omtrent eit nullresultat. Det er likevel for tidleg å gjere budsjettendringar basert på denne resultatforventninga.